



## Strategi for Utleira IL Handball

Utskrift frå styret si handtering av saka i møte 4. desember 2006.

Strategidebatten er utløyst av den situasjonen at våre eldste jentelag no er i ferd med å vekse over i seniorklassen med eit ambisjonsnivå som utfordrar eksisterande driftsform. Vi må finne løysingar som gjer at vi kan ivareta dei eldste laga også i framtida. Viser til underlag for diskusjonen:

- Notat; Strategidebatten om framtidig driftsmodell
- Rekneark; Økonomimodellar

Utgangspunktet for debatten var Utleira IL sitt verdigrunnlag og det faktum at vi i dag er eit lokalt breddeidrettslag i bydelane Risvollan, Stubban og tilliggande område. Dette legg ein del praktiske føringar for val av framtidig driftsmåte.

Hensikten med debatten i dette møtet var å sortere mellom dei 21 ulike profilane vi kan velje (ref. underlagsnotat) og få fram eit inntrykk av korleis vi ynskjer framtida skal sjå ut. Ei viktig oppgåve i møtet var å eliminere urealistiske val og uønska utviklingstrekk. Dette vart oppnådd.

Følgjande skildring kom fram som resultat:

### Klubbprofil:

- Breddeklubb for dei yngre årsklassene; Stor bredde i tilbodet til aldersbestemte klassar. Fokus på lokal forankring og barneidrett. Avhengig av eldskjeler. Handballen er ein del av totaltilbodet i klubben, men ikkje annleis i ambisjonsnivå eller profil. Dugnadsbasert drift med mindre innslag av sponing. Kontinuitet i bemanning og engasjement.
- Bydelsklubb for 16+: Ikkje ein eliteklubb, men ein klubb med god orden og økonomi. Solid forankra i bydelen. Sportsleg ambisjonsnivå som kan ta oss opp til nesten toppen (nr.2 klubb i byen). Økonomi basert på ein blanding av dugnad og sponing.

### Sportsleg ambisjonsnivå:

- I aldersbestemte klassar skal vi vere gode til å ta vare på alle, utan å fokusere på resultat. Det viktige er at vi har det moro saman. Og det er moro å vinne jamne kampar.
- Vi skal utfordre tomrommet mellom Byåsen og dei andre laga i Trondheim. Det er vanskeleg å få plass til to toppklubbar i byen, men vi vil bli den beste av dei som følgjer bak Byåsen. I første omgang skal vi stabilisere oss i 2.divisjon, men 1. divisjon er eit naturleg neste steg. Vi bør jamt ha spelarar på landslag i aldersbestemte klassar.

### Geografisk plattform:

Ei utfordring med ambisjonar om å etablere seg på eit høgare sportsleg nivå er at vår eksisterande geografiske område er begrensa med tanke på rekruttering av spelarar og tillitsfolk. Ein kan velje mellom å

- Legge under seg handballaktiviteten i fleire naboklubbar.
- Bygge alliansar mot andre klubbar for å sikre eit betre tilbod og styrka rekrutteringsgrunnlag.
- Akseptere begrensninga og gjere det beste ut av det.

Konklusjonen på denne diskusjonen var at vi må sjå situasjonen an og velje ut frå det aktuelle tilfellet. Innimellom vil det kome enkelte årskull som er få spelarar og har behov for å styrke seg hvis dei skal kunne fortsette. Då vil alternativa verte vurdert. For å sikre eit godt tilbod til dei beste i eldre årsklassar (16+) vil vi vurdere ein alliansemodell mot eit godt lag i Trøndelag.



### **Økonomi:**

- Basismodell som i dag; Økonomien er delt mellom klubb og lag på ein slik måte at det er bestemt kva type kostnader laget skal dekke og kva type kostnad klubben skal dekke. Det er tatt omsyn til kva type kostnad som er eigna til å dekkast ved eigeninnsats og kva som bør dekkast med støtte frå det offentlege. Laga står fritt med omsyn på ambisjonsnivå for cup-deltaking og sosiale aktivitetar etc.
- Økonomimodellen må supplerast med eit nytt element som skal ivareta behovet for ei sterkare økonomisk plattform for satsingslag/seniorlag. Dette ordnast gjennom ei eiga satsingsgruppe som skaffar friske pengar til dei tiltak som er nødvendige for å kunne nå dei sportslege måla i klassane 16+.

Den viktigaste debatten sto om forholdet mellom dei yngre og eldre laga. Vi har i dag ein god basismodell for dei yngre laga (opp til 15 år) men må gjere tiltak for 16+. Det kom fram at økonomien er svært ulik på desse to nivåa, men at det er stor skepsis til ein delt modell der bredde og satsing driv "uavhengig" av kvarandre. Dette kan skape sterke konflikter.

### **Engasjement:**

- Engasjement av mange foreldre er det viktigaste for å skape eit godt grunnlag for drifta. Alle er like viktige. Vi er saman om å skape tilbodet. Arbeidsdelinga må vere slik at det går an å leve med det – også for foreldre med jobb og fleire ungar som skal følgjast opp.
- Den som tek på seg ei oppgåve gjer jobben skikkeleg og er initiativrik. Alle støttar opp om dei som har vanskelege oppgåver og bidreg til at dei får jobben sin gjort. Når nokon av ulike årsaker ikkje kan få gjort jobben sin i rett tid, stiller andre opp og vikarierer.

Den skildringa som er gitt i dei to punktane over kan synast ideell og vanskeleg å forutsette. Likevel er det slik det må vere for å kunne lykkast med det ambisjonsnivået vi har skildra over. Vi har erfaringar med lag som ikkje har klart å engasjere foreldra i drifta, og vi ser det ikkje kan fortsette slik i lengda. Vi har også opplevd til tider at folk som har seier ja til ei oppgåve likevel ikkje utfører den eller ikkje tek dei nødvendige initiativ. Dette skapar berre problem for alle andre og er verre enn å seie nei. Oppgåvedeling og belastning for den einskilde i styret og andre verv må vurderast heile tida.

### **Vegen vidare:**

Som det går fram av skildringa over, er det ikkje snakk om ei dramatisk endring av drifta i UIL Handball. Det viktigaste er at vi no har

- etablert eit eksplisitt uttrykt ambisjonsnivå
- har fått ei oversikt over moglegheit og konsekvensar. Dermed kan vi vurdere ulike måtar å forholde oss til det. Dei val vi har gjort er den strategien vi meiner vil best støtte opp under ei utvikling i den retning vi ynskjer.
- forståing for konsekvensane og kva som må til for å kunne lykkast, både som klubb, lag og for den enkelte.
- planlagt å etablere ei eiga gruppe som gjer det mogleg å drive eldre årsklassar (16+) med ein stabil og forutsigbar økonomi som gjer det mogleg å nå måla, samstundes som den gode basismodellen er intakt for dei yngre laga.

Det er umogleg å gjere alt dette over natta, men vi startar umiddelbart med å gjere meir detaljert greie for konsekvensane innanfor kvart definert ansvarsområde i handballstyret. Kvart styremedlem skal til neste styremøte legge fram si vurdering av kva som må til av tiltak og kva konsekvensar som vil følgje av det.